

## Prioriter K5 Arna-Stanghelle – Stopp Hordfast

Våren 2025 vert ny Nasjonal transportplan vedteken i Stortinget. SV krev at K5 – ny veg og bane Arna-Stanghelle står øvst på prioriteringslista når Stortinget tek sommarferie!

Strekket Arna-Voss er ein av dei mest ulukkes- og rasutsette vegane i Noreg. Det er og den einaste Europavegen på denne tvilsame lista over dei 20 mest rasutsette vegane. Frå år 2000 til 2017 gjekk det 338 skred mellom Arna og Voss. I 2019 gjekk det skred på begge sider av Bolstadtunnelen og 16 køyretøy vart innesperra i over 12 timar. Seinast 24. og 25. januar 2024 var E16 stengt av ras i 36 timar.

21. november 2022 gjekk eit samla korps frå beredskap i Vestland ut og sette krav om å sette i gang arbeidet med K5. Helse Bergen, Vest politidistrikt og Heimevernet krev ny veg og bane no! Politimeister Songstad sa det slik til NRK: «*Vi er nøydd til å tenke på heilskapen og peike på at ein ytterlegare utsetting av nye vegar austover frå Bergen er problematisk for beredskapen*».

Sterke krefter ynskjer Hordfast som prioritert prosjekt. Hordfast er det største trugsmålet mot realisering av K5, ny veg og bane Arna-Stanghelle. Hordfast er i strid med vedtekne regionale og nasjonale klimamål og vern av natur. Hordfast er eit ekstremt dyrt prosjekt, og vil om det vert vedteke, vere eit trugsmål, ikkje berre mot K5, men og alle andre samferdsleprosjekt i Vestland.

Det vi treng no er at regjering og storting er med oss i prioriteringa og seier at K5 er viktigast. Dette betyr at det må skje tre ting våren 2024.

1. K5 må prioriterast i ny NTP.
2. Stortinget må ta ei investeringsavgjerd.
3. Arbeidet med ein bompengeproposisjon må starte.

Desse punkta må på plass våren 2024 – då kan vi saman sjå mot anleggsstart i 2025.

For liv

For helse

For tryggleik

For jernbane

For lokalsamfunn

For trygg veg og bane Bergen-Oslo

Bygg K5 no!